

Evaluering av brannalarm grunna lynnedslag på rådhuset – 22. desember 2016

Me hadde eit lite evalueringsmøte i dag 27.12 kl. 14:00-14:30 med Harald, Bente, Bodil og underteikna.

Eit lyn tok strømmen og alarmen vart utløyst på rådhuset ca kl. 08:43. Branntavla viste at det var utløyst brannalarm i slukkesentral-datarommet 1. etg. Brannfolk var på staden etter ca ein halv time.

Påminning om rømningsvegar generelt – NB! dei i kjellaren skal gå ut rømningsvegane, ikkje opp trappa til resepsjonen, dette skaper kaos.

Når me går ut frå kontoret har me tid å ta på oss jakke, lukke døra og gå roleg ut. Alle går mot samlingsplass utanfor kulturskulen, fint at de gjekk inn i varmen der oppe, **MEN ikkje forlat staden for å gå i bilen eller gå heim medan dette pågår, me (etasjeansvarlege) må ha oversikten.** Folk begynte å trekkje ned mot hovedinngangen medan alarmen gjekk – VENT til de får beskjed om å koma ned.

Etasjeansvarlege skal ha oversikten på samlingsplass og melde til brannvernleiar (meg) kva som er status, der eg også gir info om status.

Dette lærte me av, og me vil kjøra på med øvingar framover!

Mvh Nora Gjerde, brannvernleiar på rådhuset